

Kva er Ap sitt problem?

FRÅ MANGE KANTAR, også frå egne rekkjer, kjem den eine meldinga etter den andre om at Sogn og Fjordane Arbeidarpartiet ikkje er til å stole på. At partiet nok ein gong opplever at enkeltmedlemmer melder seg ut, må vere smertefullt.

Langt meir smertefullt og alvorleg må det vere at veljarane vender partiet ryggen og ser på snuoperasjonane i E39 og sjukehussaka som klare tillitsbrot. At partiet sin nyvalde fylkesordførar og partiet sin fylkesleiar, meiner partiet handlar i tråd med eige program, vedtak i representantskap og styre får medlemmane i partiet drøfte i dertil eigna organ. Brot på klare vallovnader, er det berre veljarane som kan gjere noko med – ved neste val.

DERSOM DET ER MEDLEMMER i fylkestingsgruppa som meiner dei ikkje får røyste i tråd med vallovnader og partioprogram, så bør ein ha såpass mykje respekt for veljarane at ein seier frå ved å følgje både vallofte og oppfylle det som er nedfelt i partioprogram. Kanskje det burde vere ein ide for partiet sin generalsekretær Raymond Johansen å kviskre nokre ord i øyret på fylkestyret og leiar for fylkestingsgruppa, om at lovnader overfor veljarane må haldast, om det ikkje skulle kome nye moment i ei sak som totalt endrar tidlegare vedtak. Korkje i E39-saka eller i høve sjukehussaka, kan vi sjå at det har kome «vesentlege nye moment. Dersom den sentrale leiinga i partiet stilleiteiande let fylkespartiet i Sogn og Fjordane stemme fram etter den kursen som dei no gjer, så må dette få følgjer for partiet ved Stortingsvalet neste haust.

VI HAR IKKJE VANSKAR med å forstå at politiske parti i kommunestyre, fylkesting og storting ønskjer å stå samla i viktige saker. I E39-saka er vi ikkje overtydde om at det er partiet som er det største problemet. Det er nok heller leiinga i fylkespartiet som har eit truverdeproblem. Det er ikkje første gong at fylkesleiar skifter meining i sentrale saker, der veljarane langt på veg har fått lovnader og garantiar om partiet sin ståstad i viktige saker. I høve framtidig trasé for E39 har det opp gjennom åra vore eit tittal møte. I alle samanhengar og på alle møter har Nils P. Støyya, både som ordførar i Stryn og no som leiar for fylkespartiet og medlem av fylkestingsgruppa, vore krystallklar på at E39 etter midtre linje over Lote-Anda er det beste alternativet. At han sjølv snur i saka og går tilbake på alt han tidlegare har sagt seier det meste om politikaren Støyya. At han som leiar i fylkespartiet no svingar partipisken over resten av fylkestingsgruppa kan berre karakteriserast som ein skandale og ein hån mot dei som røysta på partiet for eit halvt år sidan.

VI SKAL IKKJE SEIE kva den enkelte medlem i Ap si fylkestingsgruppe skal røyste, det må dei finne ut av sjølve. Men skal det vere eit snev av truverde att, bør dei i det minste tenkje nøye gjennom kva partiet lova veljarane ved siste val. Fjordabladet har ved fleire høve vist til semja det var mellom dei politiske partia i E39-saka i valkampen. Alle, bortsett frå Framstegspartiet som ikkje ville ha nokon bastant meining i saka, har så langt stått ved det som vart sagt. Vi reknar med at SV sine to representantar i fylkesting held lovnadene, og ikkje vel å vere utru mot veljarane - som det Ap er!



ansvarleg redaktør
TORMOD FLATEBØ
Direkte telefon: 57 88 53 18 • 951 74 910
redaksjon@fjordabladet.no

I grøfta i Remmedalen

Politiet fekk melding om ein bil som har køyrt i grøfta i Remmedalen klokka to natt til søndag. Føraren vart lokalisert i sin bustad og er mistenkt for å ha køyrt motorvogn i rusa tilstand. Politiet sikra seg blodprøve av mannen, som er i 50-åra.

Slått ned i Svelgen

Politiet fekk melding om at ein mann var slått ned ved ein utestad i Svelgen i totida natt til laurdag. Ambulanse og politi rykka ut til staden. Ein mann i 30 åra var skadd og vart sendt til Førde sentralsjukehus. Skadeomfanget er ikkje kjent. Politiet har vore i kontakt med gjerningsmannen og fått forklaring frå han og fleire vitne som var på staden. Det vort oppretta sak, og denne vart vidare etterforska av Bremanger lensmannskontor.

Partileiar i Venstre-land

Fekk oppleve kreativitet i praksis

Etter brakvalet i fjor haust er Eid den desidert største venstre kommunen i landet. Laurdag vitja partileiaren Nordfjordeid. Trine Skei Grande brukte dagen godt og fekk med seg både bedriftsbesøk, russerevy, årsmøte og festkveld med venstre-gjengen.

akkurat no

Fjordabladet snakka med partileiaren i pausen i Operahuset laurdag, der ho storkosa seg på russerevy saman med Alfred Bjørlo, og der Eid-ordføraren er tildelt ei av dei berande rollene. Trine Skei Grande har kjent Bjørlo i mange år og tykte det var slående likskap på ein del område.

– Dei er kjempedyktige. Veldig imponerende. Og kopien er endå betre enn originalen, i alle fall når det gjeld songstemme, og eg forstår kvifor han har vore og klipt seg, ler ho og fortel at ho sjølv har vore med og sett opp revyar i yngre dagar. Venstreleiar trur at samlokaliseringa i operahuset og miljøet rundt som ramme er med på å legge til rette for den høge kvaliteten.

Alfred Bjørlo er like begeistra. Han var også på premieren fredag kveld og vedgår at frisyre og fakter til kopien på scena var sterkt medverande til at han gjekk til frisør laurdag morgon.

– Eg fekk eit lite spark bak. Dessutan måtte eg sjå litt ordføraraktig ut når eg skulle treffe Trine, ler Bjørlo, og legg til at klippen vart gjort hjå ein frisør på venstrelista.

Møtte kreative kvinner

Mange av Venstre sine veljarar er gründarar som har starta si eiga bedrift. På Nordfjordeid fekk Trine Skei Grande treffe nokre av dei kreative kvinnene i Eidsgata, som nettopp representerer denne gruppa. Marion Tufeland driv blomsterbutikk, Kristin Eide er fotograf, Kathrine Berg er gullsmed og Magnhild Englund driv frisørsalong og klebutikk. Damene tykte det var stas å få besøk. Dei fortalde om den unike Eidsgata og korleis dei driv kvar for seg, men også samarbeider om ulike prosjekt til glede og nytte både for seg sjølve og andre.

Partileiaren fekk høyre at Eidsgata er ei litt urban stripe med unike



Ordførar Alfred Bjørlo stilte nyklipt i møte med partileiaren, for å sjå litt meir ordføraraktig ut.



Stein-Åke Berteig fortel om gode erfaringar med bruk av fjordvarme i Hildenes garneri.

butikkar. Om sommaren under sommarshopping er det litt slikt som Grünerløkka eller Karl Johan. Og berre eit steinkast unna er det kjøpesenter.

Mange utfordringar

Tiltak som lågare krav til aksjekapital for å starte opp AS og bortfall av revisorplikt for små bedrifter har gjort det lettare å starte opp eige bedrift, men det er framleis mange utfordringar, ikkje minst knytt til fødsjar og sjukdom. Det gjeld både praktisk og økonomisk. Når du er i eit vanleg tilsetjingsforhold utan ansvar, får du full pakke.

– Ein blir ikkje akkurat belønna for å starte sin eigen arbeidsplass, sa Kathrine Berg.

– Eg måtte stenge butikken min då

eg var gravid, fortalde Marion Tufeland.

– Du må planlegge ein eventuell graviditet mykje lengre tid i førevegen enn ni månader, sa Kristin Eide.

Dei næringsdrivande damene i gata peika på både fordelar og ulemper med å drive for seg sjølve. Fleire av dei har mange år bak seg med eiga bedrift og trivest godt med det.

– Eg liker betre å bestemme sjølv, enn å bli bestemt over, fastslo Eide. I kvinne-nettverket backar dei kvarandre opp, dei utfordrar kvarandre og realiserer prosjekt som både dei sjølve og andre kan ha glede og nytte av. I starten var det mest egne prosjekt, men no er dei mellom anna i ferd med å planleg-

Null promille i Hornindal

Politipatrolje hadde promillekontroll på FV 60 i Hornindal natt til søndag. 20 førarar vart kontrollerte, men alle hadde sitt på det tørre.

Null promille i Vågsøy

Natt til søndag gjennomførte ein politipatrolje promillekontroll på FV 621 i Vågsøy. 25 førarar vart kontrollerte. Ingen reaksjonar. Det vart også meldt om ordensuroing i Vågsøy same natt og politiet har meldt ein ungdom for drikking på offentlig stad.

Alt ok i promillekontroll

Up kontrollerte 46 førarar for rus på Eid fredag. Dei melder at alt var ok.

Støy i Stryn

Klokka 02.50 natt til laurdag fekk politiet melding om støy og høg musikk frå eit husvære i Stryn sentrum. Politiet reiste til staden og påla dei som var der å roe seg.

Var til plage for reisande

Politiet fekk i nitida fredag kveld melding frå mannskap på nordgåande ekspressbåt om ein overstadig rusa mann som var til plage for andre reisande. Mannen, som var i 50-åra, vil bli meldt for ordensuroing.



« Ein blir ikkje akkurat belønna for å starte sin eigen arbeidsplass

Gullsmed Kathrine Berg

Venstreleiar Trine Skei Grande fekk oppleve kreativitet i praksis i møte med dei kreative gründerkvinnene i Eidsgata, her representert ved blomsterdesignar Marion Tufeland og fotograf Kristin Eide.

« Eg måtte sjå litt ordføraraktig ut når eg skulle treffe Trine

Ordførar Alfred Bjørlo

ge noko gøy som skal bli til glede for mange til sommaren.

– Hadde det ikkje vore for kreative kvinner, ville eg truleg ikkje vore her lenger, sa Eide, som har eige fotostudio i gata.

Økonomi og miljø

Venstreleiar Trine Skei Grande var også innom Norgesvinduet Bjørlo for å få råd og innspel og lytte til deira behov, ho vitja Nordfjord psykiatrisenter og Hildenes gartneri. Gartneriet er eitt av dei mange bygga i Nordfjordeid sentrum som er tilknytt fjordvarme.

– Å kople oss til fjordvarme er ei av dei mest fornuftige investeringane vi har gjort. Vi har spart 50 prosent av oppvarmingskostnadene, og det er dessutan ei miljømessig god løysing, fortalde Stein-Åke Berteig, som også er ein av dei 13 venstrerepresentantane i kommunestyret i Eid.

– Ein av dei fremste

Venstre nasjonalt har ein draum om å sitje i regjering, men sjølv om Eid er hovudstaden i «Venstreland», vil ikkje Trine Skei Grande



Ordførar Alfred Bjørlo og varaordførar Gunvald Ludvigsen hadde sett opp eit tøft program der det korkje var lagt inn shopping- eller spatid. Trine Skei Grande greidde likevel å smette inn nokre minutt til å kjøpe med seg ein kreativ katt frå Det gylne snitt.

selje skinnen før bjørnen er skoten, ved å love bort ein eventuell statsrådpost til ein av dei unge, lovande eidarane i partiet.

Venstreleiar karakteriserer Alfred Bjørlo som ein blant dei fremste folkevalde, men ser at han har forpliktingar her i Eid som han må ta alvorleg.

– Kva med Unge Venstre-leiar Sveinung Rotevatn?

– Sveinung er veldig dyktig. Han er god til å kommunisere og ein spennande politiskar. Han utfordrar



Partileiarer tok seg god tid til å høyre på lokale erfaringar og utfordringar for småbedrifter i Eid. Frå venstre: Kristin Eide, Marion Tufeland, Kathrine Berg, Gunvald Ludvigsen, Alfred Bjørlo, Trine Skei Grande og Magnhild Englund.

oss i gamlis-venstre, og ungdomspartiet har vakse enormt under hans leiing, seier Trine Skei Grande.

Gulrøter og nytenking

Ei av dei viktige sakene til Venstre er større kommunar. Trine Skei Grande fortel at partiet vil bruke eit mykje større spekter av gulrøter enn dagens praksis for å få dette til. Dess større kommunane er, dess større ansvar skal dei få. Med større kommunar kan ein flytte makt nedover.

– Problemet i dag er at det sit mange Sp-ordførarar som er mest opptekne av sitt eige rike. Venstre vil ha ei formyning og vil mellom anna sjå på nye måtar å jobbe på in-

« Alfred er blant dei fremste folkevalde

Venstreleiar Trine Skei Grande

nan omsorgssektoren. I dag tenker ein for mykje institusjon. Det er veldig mange fagfolk som held på sitt revir, og ein jobbar i stor grad på same måte som ein gjorde for 20 år sidan, seier leiaren i Venstre, Trine Skei Grande.

Ludvigsen held fram som leiar

Eid Venstre hadde årsmøte 28. januar 2012 og helle styret, med unntak av sekretær Svanhild Otterøy Lothe - som hadde frasa seg attval, vart attvald. Det nye styret har slik samansetjing: Gunvald Ludvigsen (leiar), Siv Langøen Rotevatn (nestleiar), Jon-Reidar Eikås (sekretær), Hilde Henriksen (styremedl.) og med Brit Møa og Anne-Britt Andersen som vara.

ANNA WUTTUDAL
anna.wuttudal@fjordbladet.no
Direkte telefon: 57 88 53 15